

Aks 432.33

**MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN**

J. 155/81

**ENDRING AV FØRESEGNER OM REGULERING AV FISKEt INNANFOR GRUNNLINENE PÅ KYSTSTREKNINGEN LINDESNES - STAD (62° 11,2') 1981.**

Med heimel i § 2 i føresegner gjevne av Fiskeridepartementet den 7. oktober 1981 har Fiskeridirektøren 30. november 1981 fastsatt følgjande endringar i føresegner gjevne av Fiskeridirektøren den 8. oktober 1981:

**I  
§ 6**

Snurpenotbruk med påmeldt farty på 40 fot største lengde eller større, kan fiska inntil 400 hl. Snurpenotbruk med påmeldt farty under 40 fot største lengde og landnotbruk kan fiska inntil 200 hl.

**II**

Endringa tek til å gjelde straks.

Etter denne endringa har føresegner gjevne av Fiskeridirektøren den 8. oktober 1981 om fiske etter sild innanfor grunnlinene mellom Lindesnes og Stad slik ordlyd:

**REGULERING AV FISKE ETTER SILD INNANFOR GRUNNLINENE PÅ KYSTSTREKNINGEN LINDESNES-STAD (62° 11,2') I 1981.**

I medhald av Fiskeridepartementet sine føresegner av 7. oktober 1981 § 2 om regulering av fisket etter sild innanfor grunnlinene på kyststrekningen Lindesnes-Stad (62° 11,2') n.br. har Fiskeridirektøren i dag 8. oktober 1981 fastsett følgjande føresegner:

**§ 1**

Innanfor grunnlinene på kyststrekningen frå Lindesnes til Stad (62° 11,2'N) vil ein kunne fiska inntil 10.000 hl sild med snurpenot og landnot.

**§ 2**

Ingen kan ta del i fisket etter sild nemnd i § 1 utan å vera påmelde til Noregs Sildesalslag, Bergen.

**§ 3**

Fiskeridirektøren kan stogga fisket når totalkvoten er pårekna oppfiska. Fisket kan stoggast ved melding i lokalsendingane i NRK kl. 07.15 og 16.45 i tillegg til dei vanlege fiskerimeldingane.

§ 4

Høvedsmannen for bruk som skal ta del i dette fisket må stå på blad B i fiskarmanntalet. Farty som vert nyttा må vera fiskeriregistrerte og mindre enn 90 fot største lengde. Det må nyttast høveleg bruk for dette fisket. Fiskeridirektøren kan gje dispensasjon frå kravet om største lengde på farty.

§ 5

Det er forbode å fiska, låssetja, ta opp eller føra i land sild under 25 cm. Uten hinder av første stykke kan sildefangstar ha inntil 10% i vekt av sild som er under 25 cm.

§ 6

Snurpenotbruk med påmeldt farty på 40 fot største lengde eller større, kan fiska inntil 400 hl. Snurpenotbruk med påmeldt farty under 40 fot største lengde og landnotbruk kan fiska inntil 200 hl.

§ 7

All sild som vert fanga skal låssetjast. Noregs Sildesalslag kan dispensera frå dette påbodet. Alle fangstar skal straks meldast til Noregs Sildesalslag.

§ 8

Fiskeridirektøren kan i særlege tilfelle gje løyve til oppmaling for heile eller deler av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunnar ikkje kan nyttast til menneskemat eller agn.

§ 9

Låssett kvantum større enn det bruket kan fiska kan overførast vederlagsfritt til andre utrusta bruk på feltet.

§ 10

Fiskeridirektøren kan påleggja at det vert teke prøvar av fangstane.

§ 11

Forsettlege eller aktlause brot på desse føresegnene vert straffa med bøter.

§ 12

Desse føresegnene tek til å gjelda straks.

-----